

6

Norsk maalsoga for skule og heim

- a digital facsimile edition from *Project Runeberg*

<http://runeberg.org/maalsoga/0006.html>

— 6 —

endaa norsken vilde me kunna kjenna att, um me skreiv: *Politiske liberale parti vart organisera suksessivt.**)

Det er soleis klart at det er maalbbygna den som er det sermerkelege, det som gjev maalet liv og nasjonal svip. Det er like eins klart at eit maal ikkje kann verta til eit anna maal, um det fær aldri so mange glosor fraa dette andre maalet. Engelsken hev ei mengd med ord fraa fransk, og dansk hev ei mengd med ord fraa tysk, men likevel er engelsk enno engelsk, og dansk er dansk, for dei hev halde uppe sin eigen maalbbygnaad.

* * *

Av di maalet er ein livande skapning, er det underlagt naturloger liksom andre livskapningar. Det er soleis alltid i rørsle, det veks eller minskar, vert rikt eller armodslegt, det kann bløma eller forfalla. Utan stans skifter det form med tiderne; stundom kann dette skiftet vera so snargjengt, at maalet liksom umlagar seg heilt paa ei kort tid; stundom gjeng det so seint, at me tykkjer det stend stilt. Men etter lange tider vil eit maal alltid ha brigda seg so mykje at den eldste maalforni, som ingen lenger talar, er uskynande for deim som talar den nye formi. Daa segjer me um det gamle maalet at det er *dautt*, medan det nye maalet vert kalla *livande*. I mange gamle maal hev dei skriva bøker, som enno er til og som gjev oss eit bilate av maali i framfarne tider. Vigtuge gamle maal er *græsk* og *latin* med sine

*) Det er sjølvsgatt at me paa norsk heller vilde skriva: det skipa seg smaatt um senn politiske frilynde flokkar. Like eins vil dei kunna segja det same med meir heimlege ord paa dansk og tysk.